



Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet,  
Akersgata 59,  
Postboks 8036 Dep,  
0030 Oslo

Oslo, 17. januar 2013

## Høyringsvar NOU 2012:15 Politikk for likestilling

Nei til EU takkar for ei god utgreiing levert av Hege Skjeie og resten av utvalet. Nei til EU vil nytte høvet til å peika på nokre viktige spørsmål i utgreiinga som har med EU og EØS å gjera.

For det fyrste vil vi gje utvalet honnør for å føreslå ei stipendordning for å retta opp skeivheiter i forholdet mellom kjønna og yrkesval. Vi har ikkje noko meining om kva for fag stipendordninga skal omfatta eller om det skal vera i vidaregåande skule eller høgare utdanning, men vi tykkjer det er modig av Skjeie-utvalet å føreslå dette. Heilt sidan Noreg vart dømd i EFTA-domstolen i 2003 for at norske universitet handla i strid med EU sine krav til likebehandling når dei lyste ut stillingar, har vi observert ei redsle i forvaltningsapparatet (og delvis i den politiske leiinga) for å gjera noko galt i høve til EØS og likestilling.

Skjeie-utvalet har fått utarbeidd ei vurdering om stipendordningar for å auka rekrutteringa av det underrepresenterte kjønnet til utvalde utdanningar kan vera i samsvar med EØS-avtalen og særleg likebehandlingsdirektivet frå 2006. Vurderinga konkluderer med at ei slik stipendordning vil vera lovleg så lenge den ikkje avgrensar tilgangen til utdanninga. Dagens regelverk gjev også rom for slike positive særbehandingar så lenge regelen ikkje er automatisk (individuell vurdering av søkjarane) og berre til fordel for det eine kjønnet. (Det vil til dømes seia at ordninga med stipend må vera tilgjengeleg for det overrepresenterte kjønnet i nokre spesifikke tilfelle; kriteria basert på til dømes etnisitet, funksjonshemming eller andre sosiale forhold.)

*Vi håpar derfor at Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet er uredde og utnyttar dette handlingsrommet som finst i EØS-avtalen.*

For det andre merkar vi oss at utvalet til slutt i utgreiinga peikar på at det er eit behov for å sjå meir på internasjonaliseringa av likestillingspolitikken, spesielt på dei rettslege konsekvensane av Noregs tilknytning til EU gjennom EØS-avtalen. Utvalet peikar på at Europautgreiinga gjev eit oversyn over det formelle «samarbeidet» Noreg har med EU på likestillingsfeltet, og diskuterer ein del sentrale direktiv og dommar i ESA- og EU-domstolen med konsekvensar for kva for likestillingspolitikk kan og må føra innanfor rāmene av EØS-regelverket. Utvalet meiner at denne diskusjonen må følgjast opp, og at det er behov for ei brei og grundig utgreiing og drøfting av rettslege konsekvensar av Norges EU-tilknytning innanfor «kjønn+»-feltet for å få ei nærmare avklaring av vilkår for demokrati og politisk handlingsrom.

Utvalet peikar også på at det er behov for eit komparativt, skandinavisk eller nordisk perspektiv på forholdet mellom EU og likestilling og Norden, ikkje minst i ein situasjon der dei nordiske landa har vald ulike strategiar til å knytta seg til EU.

*Vi tykkjer dette er svært positive meiningar frå utvalet, og sluttar oss til tilrådingane frå utvalet. Vi håpar at departementet tek oppfordringane frå utvalet på alvor og set i gong med eit arbeid for å sjå på konsekvensane av EØS-avtalen på likestillingsområdet.*

Med venleg helsing

Britt Tønne Haugan /s/  
kvinnepolitisk leiar og nestleiar  
Nei til EU



Eva Marie Mathisen  
kvinnepolitisk sekretær  
Nei til EU